

30/11
759 92
615,18

Namnekonsulenttenesta for Vestlandet
Nordisk institutt, UiB, Sydneplassen 9
5007 BERGEN

(tlf.: 05 21 24 11)

Bergen, 25. nov. 92

Statens kartverk Møre og Romsdal
Fylkeshuset

6400 MOLDE

Dykkar ref.: 668/92/615,18/aem

Om namnevedtaket Dimna og klagen på dette

Vedtaket gjeld først og fremst eit øynamn. Men den vedtekne namneforma er identisk med skrivemåten til eit gardsnamn på øya. Grunneigarane som har levert klagen må vel difor tilkjennast klagerett sett på bakgrunn av det at dei meiner det her nærast er lagt opp til feil bruk av gardsnamnet.

På 1972-utgåva av N 50-kartet Alesund står det Dimnøya. Då namnekonsulenttenesta gjekk igjennom namnemassen på dette kartbladet hausten 1991, tilrådde me at ein endra øynamnet til Dimna. Me bygde då på uttaleopplysningane som Alv Muri har notert på eit namnekort som er arkivert i stadnamnsamlinga på Universitetet i Bergen.

På fylkeskartet til vegkontoret stod Dimna ført som øynamn frå før. Då me gav tilråding om å halda på denne namneforma, kjende me til at A. Gjerde i Ulstein kommune hadde føreslege å endra namnet til Dimnøya. (Merknaden frå Ulstein kommune blei send til oss gjennom Statens vegvesen Møre og Romsdal.)

Det ser ut for at det er forholdsvis vanleg å kalla øya for Dimnøy(n)a i dag. Me har difor ikkje viktige innvendingar mot å bruka det samansette namnet som offisiellet namn på øya.

I Norske Gaardnavne er det òg nemnt at det blir brukt eit samansett øynamn; om gardsnamnet står det at det er "Udentvivil egentlig Navn paa den Ø, som nu kaldes Dimmø." (Sjå NG XIII:55.)

Med helsing frå

Oddvar Nes
Oddvar Nes
stadnamnkonsulent

Ole Jørgen Johannessen
Ole Jørgen Johannessen
stadnamnkonsulent
Kjell Erik Steinbru
Kjell Erik Steinbru
konsulentsekretær